

KVA MÅ GJERAST?



utgjeve av noregs kommunistiske studentforbund • nr 1/2003 • april



ONE EUROPE

Copenhagen

December 2002



The Bush Doctrine of Foreign Affairs:
*Someone out there...
Has something we want...
So let's take it.*


A MESSAGE FROM THE MINISTRY OF HOMELAND SECURITY

grunnar til å
ta mot EU-
vidingga

A/S Universitet
– neste stopp?

Vi veit

WTO – eit
våpen for dei
mektige



★ Høgare utdanning

Som særlovsselskap vert universitetet delprivatisert og går dermed over frå å vera del av staten til å vera ei verksemd som staten eig. Staten skal med denne ordninga ikkje lenger vedta eit detaljert budsjett for universitetet, men overlata denne oppgåva til styret i verksemda. Clemet sette i desember 2002 ned eit utval som skulle greia ut dette spørsmålet, og utvalet har frist på seg til 1. september 2003 til å levera rapport. I fyrste omgang vart framlegget frå fleirtalet i Mjøsutvalet avvist av Ap-regjeringa med Trond Giske i statsrådsstolen. No er det nye folk på taburettane rundt Kongens bord. Ein av kollegaene til Clemet, Victor Norman, sat sjølv i Mjøs-utvalet og ynskjer sannsynlegvis omkamp i denne saka. Då "Giske-reforma" vart vedteken, fekk universitetet status som forvaltingsorgan med særskilde fullmakter.

Det sokalla sjølvstyret

Leiinga i Forskarforbundet har gått ut med rettkomen kritikk av dette utspelet. Når



Høgare-regjeringa til Kjell Magne Bondevik nøyser seg ikkje lenger med å (del)privatisera sjukehus, postvesenet, NSB og televerket. Nei, universiteta eignar seg visstnok godt til privatisering, skal me tru utdaningsminister Kristin Clemets utspel i Klassekampen 5. november 2002.

tenestemannslova og tenestetvistlova vert skuva til sides av arbeidsmiljølova, vert arbeidstakarvern etikke. Det ervel òg meiningslaust med ei ordning som gjer det mogeleg for universitet å gå konkurs, når me ser det som ein vital institusjon i det borgarlege demokratiet. Målet for departementet er truleg innsparing og rasjonalisering. Universitetet er ein seig og slitesterk institusjon, og for å gjera det marknadstilpassa nok, lyt det setjast inn harde tiltak. Som særlovsselskap vert kravet til eigeninntening forsterka, og staten er mindre forplikt til å gje støtte. Likevel styrer staten mykje av aktiviteten til universitetet indirekte gjennom dei fire departementsoppnemnde kollegiemedlemene.

Sjølvstyret som universitetet tilsynelatande oppnår med omlegginga, er difor ikkje reelt. Departementsrepresentantane kan gjennom skiftande alliansar med kollegiemedlemene frå studentane og dei tilsette leggja sterke føringer på prioriteringane til universitetet. NHO-prinsen Paul Chaffey (eks-SV) og tidlegare Hydro-sjef Egil Myklebust er to av dei fire eksterne kollegiemedlemene, og denne oppnemninga lover ikkje godt for krefter som vil motarbeida marknadsuniversitetet.

Dårlagare arbeidsvilkår

Både dei tilsette og studentane vert taparar dersom universitetet skulle vera eit særlovsselskap. Då vil nemleg universitetet vera eit eige rettssubjekt, og alle tidlegare inngåtte avtaler må forhandlast på nytt. Oppheving av tenestetvistlova fører til at dei låglønte vil få mindre å rutta med. Tenestetvistlova regulerte lønstringane slik at dei ofta vart haldne mellom Staten og LO-stat, som kunne gje kronetillegg for alle. Ved særlovsselskap vil det vera meir av lokal lønsdanning, der dei som tener mest frå før, vil få mest lønnsstiging. Som særlovsselskap avgjer universitetet sjølv kva for ein arbeidsgjeverorganisasjon det skal vera medlem av, men eit sannsynleg alternativ er NAVO. Det er ei kjend sak at arbeidskjøparane

her ynskjer seg mindre forhandlingar og meir administrativ fastleggjring av løna.

Andre føremoner som dei tilsette misser ved overgang frå offentleg forvalningsorgan til særlovsselskap, er venteløn, fortrinsrett til nye stillingar og stillingsvern med heimel i tenestemannslova. Ordninga med venteløn har gjort det vanskelegare å seia opp folk av di universitetet som arbeidsgjever må betala løn i tida etter oppseiinga. For arbeidsgjever er det sjølv sagt eit pluss at arbeidstakarane kan gå på mellombels kontrakt opp til 12 år utan å få fast tilsettning. Medlemskapen i Statens pensjonskasse (SPK) fell òg bort om universitetet vel tilknytingsform som særlovsselskap. SPK er den beste pensjonsordninga i dag samanlikna med mange private pensjonsordningar og er dessutan mindre fondsbasert enn den kommunale pensjonskassa. Endringar i den statlege pensjonskassa er vanskelege å få gjennomslag for. Difor tykkjer staten det fell laglegare å flytta verksemda ut frå staten. Og det gjeld at omdanninga skjer raskt slik at motstanden ikkje rekks å organisera seg, som tidlegare helseminister Tore Tønne uttrykte det i samband med opprettinga av regionale helseføretak.

Utrygge arbeidsvilkår for dei tilsette og større eksternt trykk frå marknaden slår òg ut til misjon for studentane. Både forsking og undervisning treng stabile ytre rammer, og dersom førelesarane og rettleiarane mistrivst og kjerner seg utilpass på arbeidsplassen, kjem neppe kunnskapsnivået til studentane til å stiga.

Drivkraftene og talpersonane

Staten er den største kapitalisten i dette landet, og han opptrer ofte som garantist og tilretteleggjar for dei mindre kapitaleigarane, t.d. gjennom omfemnande utbyggjing av infrastruktur som motorvegar og hovudflyplassen på Gardermoen. Med alle dei halvt privatiserte institusjonane som før var statlege tenesteorgan, har staten no lagt seg til ein sektor som ligg utanfor borgarleg-demokratisk kontroll og debatt. Universitetet, som kan koma

Kva må gjerast?

v/NKS
Pb 21 Haugerud
0616 OSLO

Kva må gjerast? er eit blad som vert gjevi ut av Noregs kommunistiske studentforbund (NKS). Med marxismen-leninismen som rettesnor driv me politisk arbeid mellom studentar og tek del i klassekampen på arbeidarklassen si side.

NKS meiner akademikarane har ei oppgåve innanfor dei politiske og folkelege rørslene som finst. Me vil arbeida for at akademikarar og studentar vel rett side i kampen, både i dei store, globale stridene og dei mindre, heimlege konfliktene som folk står oppe i.

Akademikarar har òg eit andsvar i høve til kunnskapsproduksjon. Det er heilt naudsynt at studentar, forskarar og andre intellektuelle er opptekne av emne som tener vanlege folk, ikkje berre det som næringslivet betalar for. Samstundes må studentar stå saman og stri for sine eigne, nære interesser når desse vert sett under åtak frå borgarskap og regjering.

Artiklar som er undertekna, treng ikkje vera i samsvar med NKS sitt syn.

Kva må gjerast? tek imot stoff frå alle som ikkje gjev uttrykk for meininger som bryt sterkt med intensjonen til bladet.

A/S Universitet – neste stopp?

til å liggja i grenselandet mellom privat og offentleg sektor, skal tilby ferdig inndrilla arbeidskraft til næringslivet, samstundes som aktørar i universitetsleiainga skal passa interessene til både statleg og privat næringsliv.

Storkoalisjonen av Det norske arbeidarparti, Høgre og Framstegspartiet, med overraskande mykje støtte frå sentrum og SV, har vore pådrivarane for å privatisera og fristilla forvaltningsorgan frå staten. Spesielt for DNA og SV er den nye kurset oppsiktsvekkjande, serskilt ut ifrå den statskapitalistiske orienteringa desse partia tradisjonelt har hatt. Denne utviklinga



privatisering. Det var det same for han anten offentleg sektor var stor eller liten, berre han var god og tok vare på dei tenestene som han er sett til å løysa. Om lag på same tida slo Telenor-sjef Tormod Hermansen (tidlegare statssekretær for DNA og med 40 års medlemskap i partiet) fast at når staten eig 100 % i Telenor, kan regjeringa verta overkjørd av Stortinget. Dette er ein del av eit styringsparadoks. Dersom staten eig eit selskap saman med andre, har ikkje Stortinget høve til å gripe inn. Dermed får regjeringa større rom til å styra. SVs dåverande stortingsrepresentant Inge Myrvoll hadde i ordskiftet om fristillinga av NSB og Posten ingen prinsipielle innvendingar og lydde mest som eit ekko av Tom Thoresen (referert ovanfor). Landsstyret i SVs ungdomsorganisasjon, Sosialistisk Ungdom, vedtok ei fråsregn med støtte til serlovsselskapsordninga i 1996, med blåøygd tillit til at dette var eit betre alternativ til

har pågått over tid. Sentrale DNA-politikarar var tidleg ute med støtte til å skilja ut. Då omstillingane tok til i NSB, hevda Kjell Opseth (mangeårig samferdselsminister) at dersom dei ikkje førde til protestar frå dei tilsette, so gjekk omorganiseringa for sakte. Tom Thoresen (leiande stortingsrepresentant) sa hausten 1996 at han ville vera varsam med å ha ei ideologisk holdning til spørsmåla omkring offentleg sektor og

privatisering. I røynda er skilnaden på serlovsselskap og private A/S-selskap sers liten. Resultatet er at det borgarleg-demokratiske høvet til å styra vert kvesta, og at marknaden rår med private investorar sitt jag etter større utbytte og eigenkapital som rettesnor.

Verksemder som ikkje lenger er ein del av staten, men berre i statleg eige, fungerer på premissane til marknaden og kan i liten grad brukast som innkomekjelder for staten. Dersom Stortinget trugar med å overføra ein del av overskotet til helse eller kommunal sektor, skrik dei administrative direktørane i serlovsselskapa opp om røveri. "Det må være noe galt med en aggressiv utbyttepolitikk overfor en bedrift med stor vekst og god lønnsomhet," som Tormod Hermansen sa.

Førerebels har ikkje SV og DNA gått inn for å omdana universitetet til serlovsselskap, men røynslene frå tidlegare omleggjeringar har lært oss at toppsjiktet i desse partia er svært mottakelege for marknadsliberalistiske impulsar. For oss som ikkje ynskjer at universitetet skal drivast som rein butikk, er det viktig å koma ut med informasjon om serlovsselskap og byggja ein motstandsfront i dette spørsmålet.

Eit møte i Forskar forbundet på Blindern 12. mars 2003 la SVs vankelmodige holdning i dagen: Rolf Reikvam gjekk i rette med kritikken frå fagforeiningane av serlovsselskapsmodellen og meinte dei fleste rettane kunne føra vidare. Styremedlem i NTL 90 Ulrik Sverdrup kunne med tilvising til røynslene frå sjukehusa, NSB og Posten slå fast at Reikvam bløffa. SVs gradvise glideflukt mot høgre vart atten dokumentert.

"Utrygge arbeidsvilkår for dei tilsette og større eksternt trykk frå marknaden slår òg ut til misjon for studentane. Både forsking og undervisning treng stabile ytre rammer, og dersom førelesarane og rettleiarane mistrivst og kjerner seg utilpass på arbeidsplassen, kjem neppe kunnskapsnivået til studentane til å stiga."



★ Unionen: Austutvidinga

Etter EU-toppmøtet i København i desember 2002 vart det klårt at EU skal la ti nye land få sleppe til i det klamme selskapet EU er. EU-toppene, NRK, Akersgata og den øvrige jasida beskrev dette ofte som noko overveldande positivt; EU skal bringe fred, velstand og økonomisk utvikling til stakkarane i aust. Nonsense. Det er aldeles ikkje det det handlar om. Det handlar om ein imperialistisk ekspansjon der vesteuropæisk monopolkapital skal legga også Aust-Europa under føtene sine. Andre årsaker finst ikkje.

Det kan i fyrste omgang nemnast tre grunnar til at ein bør vera imot dette:

For det fyrste inneber ei utviding av EU auka trykk mot løner og arbeidsfolks rettar over heile EU. Ei av EUs fem søyler er fri flyt av arbeidskraft. Dette har ein enno ikkje lukkast med i særleg stor grad i EU, noko som eigner monopolkapitalen. Fri flyt vil nemleg auke konkuransen og presse lønene ned samstundes som den sosiale tryggleiken òg vil bli utsett for endå hardare åtak. Men dette har ein altså ikkje lukkast med enno innanfor EU. Det vil ikkje halde fram. Sidan Warszawa-paktlanda braut i hop på slutten av 80-talet/byttinga av 90-talet, har berre eitt land opplevd økonomisk vekst (Tsjekkia), dei andre har hatt fall i levestandarden og middellønene. Ho ligg no berre på kring ein sjuandedel av kva ein EU-arbeidar får utberalt. Samstundes er arbeidsløysa på 15 %. Mellom ungdom i desse landa er ho spesielt høg, 25 %.

Med fri rørsle av arbeidskraft vil dette skape eit kraftig trykk på dei noverande EU-landa, og lønene og dei sosiale goda folk enno har i desse landa. Kven tener eigentleg på det? Ikkje dei austeuropæiske landa i alle høve, som blir tappa for kvalifisert arbeidskraft, taper skatteinntekter og produksjon av eksportprodukt. Kvar skal då den økonomiske veksten koma frå? Landa blir berre produsentar av arbeidskraft. Det blir i liten grad snakk om «bistand» frå EUs side. Ingen av landa vil vera i nærleiken å få den hjelpa DDR fekk under «die Wende». Dei austlege delane av Tyskland er framleis mellom dei fattigaste områda i EU, Portugal og Hellas inkludert.

Og i vest vil ein så menn ikkje tene på dette. Arbeidstakarane får lønene pressa ytterlegare ned og blir ramma av sosial dumping. Dei einaste som tener på det, er sjølv sagt monopolkapitalen etter ein gong; dei kan hauste fruktene av større profitt som følge av lågare løner.

For det andre vil utvidinga tyde minsking i folkeleg påverknad. For til dømes våre gul-blå grannar vil det seie at røystestyrken i ministerrådet sokk frå 4,6 % til 2,9 % og i EU-

parlamentet frå 3,5 % til 2,4 %. Ei påverknad som frå før av er særsliten blir endå mindre – og folket får endå mindre å seie over dei lovene og reglane som gjeld i landet deira. Det er enno ikkje heilt klårt kva for andre endringar som gjer seg gjeldande i styre og stell og forvaltning i EU, men ein treng ikkje ha ex. phil. for å forstå at det blir vanskelegare å administrere ein union med 25 medlemsland, så tungrodd som det alt er i dag. Det folkefiendtlege byråkratiet vil saman med føderalismen (at stadig meir og meir skal styrast frå Brussel) gjera seg stadig meir gjeldande. EU nærmar seg enno meir ein superstat, kontrollert av dei få.

For det tredje vil utvidinga bygge nye barrierar i Europa. Austgrensa til unionen blir flytta til Russland, Kviterussland og Ukraina. Då stormaktene «delte» Europa seg imellom gjorde, Stalin det klårt overfor vestmaktene at han ville ha land i Aust-Europa som ikkje ville gje Tyskland open veg mot Sovjet, slik Tyskland allereie hadde fått to gonger. Etter 55 år har Tyskland, no representert ved EU, att ein gong fått dette. Spenninga i Europa vil auke. Om Putin eller andre skulle lukkast med å få eit sterkt Europa, vil ein ha potensiale for endå ein ny kald krig. Og det er



EU-kommisjonen under Romano Prodi.

Tre grunnar til å vera mot EU-utvidinga



heilt utelukka at Russland skulle bli EU-medlem; då vil jo makta måtte delast mellom Berlin, Paris og Brussel på den eine sida og Moskva på den andre. Kort sagt vil EU, særleg med tanke på deira militaristiske planar, leggja grunnlaget for meir spanande tider for oss alle.

EU-utvidinga er ikkje noko solidaritetsprosjekt. Folkesetnaden i sokjarlanda, som gjekk gjennom ufattelege lidingar på 1900-talet, både i form av to verdskrigar og sosialimperialismen, vil i framtida oppleve enno meir utryggleik og sosialt elende. Resten av Europa må òg betale prisen for monopolkapitalens jakt på ny marknader. Hadde EU-utvidinga vore eit solidaritetsprosjekt, hadde det vore lettare å bli

medlem. Bulgaria og Romania er førebels sette på gangen og må vente til 2006/2007 for å bli medlem. Dei andre landa som har søkt, vart tvinga av EU til å få sin finanspolitikk diktert. Her skulle ein setja dei same krava til desse landa som ein gjorde til dei langt rikare brørne i vest. Dette sytte sjølvsgått for kutt i budsjettet for dei fattigaste. Men det er enno von. I alle landa skal det vera folkerøysting. Naturlegvis har ja-sida fått meir pengar til valkamp enn nei-sida...

NKS på
nettet

folk.uio.no/~kjellar/

e-post: ksanks@online.no

Her finn du vedtekter, politisk plattform, mykje politikk, aktuelle artiklar, påmelding til studiesirkel, studentnytt og peikarar til raudesider.

★ Kommentar: USA og dei andre



Mykje er vorte sagt om USA og deira fylgjesveinar sin krig mot Irak. Det er stor motstand mot USAs aggressjon, og karakteren åt den fremste kapitalistiske makta i verda står klarare fram enn tidlegare. Den blodige soga har lange røter attende, frå intervensjonen i Argentina i 1890, til dei gjentekne bombeotaka over Irak sidan 1991.

No går turen igjen til Irak for USAs planlagde massemord. Dei amerikanske "prova" på terrorisme og masseøydeleggingsvåpen har vorte avkledde som løgner, men dei vert gjentekne om att. Er det truleg at det største etterretningsvesenet i verda ikkje kan legga fram opplysningar om kvar desse våpna er? Eller er svaret at dei ikkje finst, i alle høve ikkje i noko faretruande omfang, og at USAs ambisjonar er meir bygde på ynsket om ei ein stor, amerikansk-kontrollert oljeleverandør som kan pressa prisane ned i konkurransen med dei meir eller mindre uavhengige leverandørlanda?

Utbreiinga av "demokrati" er i alle høve ikkje årsaka. Då kunne ein starta med Saudi-Arabia, Kuwait, Israel, Sør-Korea eller eit av dei andre allierte diktatura. Sanninga er at USA er det største ditaturet, dei styrer verda, ikkje berre det landet som har valt den amerikanske presidenten. Ooops, det er sant. Heller ikkje fleirtalet av USA-amerikanarane har valt Bush, sigeren sorgde valsystemet og broren i Florida for.

USAs maktmisbruk er ikkje noko nytt, men det er fyrste gongen ein president har vore so primitiv at fleirtalet har gjennomskoda frasane om fred, demokrati og tryggleik. Og det er fyrste gongen at andre vestlege land har vore sterke motstandarar av USAs politikk, og

dermed har kritikken fått koma fram òg i media her til lands.

Vi har òg fått høyra om korleis krigsfangar i Afghanistan har vorte drepte under tortur i amerikanske fangeleiarar, eller under transport, og korleis marinesoldatane har overvaka dumpinga av hundretals lik i ørkenen. Vi veit at fleire hundre fangar er internerte på USAs base i Guantanamo, og vi veit kva tilhøve dei sit fengsla under. Vi veit korleis synet på arabarar og muslimar har utvikla seg i USA. Vi har hørt Bush gje uttrykk for synet på USA som det største og mest siviliserte landet i verda.

Vi veit korleis eit tiår med sanksjonar har vore årsak til at om lag ein halv million menneske har døydd i Irak, at Madeleine Albright meinte det var verd prisene i menneskeliv, og vi veit at Noreg har hatt formannskapen i SNs sanksjonsnemnd.

Det er alt fastlagt korleis kurdarane skal hindrast i å oppretta ein eigen nasjonalstat, slik at mellom anna NATO-landet Tyrkia kan halda fram med si blodige undertrykking. Og det er planlagt korleis sjiamuslimane i Sør-Irak skal hindrast i å koma under iransk påverknad.

Saddam har mange ugierningar på samvitet, og Frankrike og Tyskland gjer ikkje motstand av humanistisk godleik. Dei er meir uroa over trugsmalet mot si eiga stilling og at dei største oljereservane i verda skal koma under amerikansk kontroll. Dei har ikkje noko å vinna på ein krig mot Irak.

Er det slik at vi umedvite ser på arabarar og muslimar som mindre verde enn kvite, kristne, vestlege menneske? Kan du med godt samvit seia at dette synet ikkje ligg der, langt bak i hovudet? Vi har alle vore utsett for den same

Vi veit

Motstanden mot USAs krig i Irak er massiv i Noreg og i Vest-Europa. Ei heil verd har vakna opp til den uhyggelege sanninga. Men om vi ikkje tek eit oppgjer med tankegangen bak, vil vi aldri kunne seia at vi har gjort nok. Heller ikkje denne gongen.

propagandaen, dei same små hinta. Ikkje berre sidan oljekrisa i syttiåra, men gjennom soga sidan den første krossferda sette ut frå Køln i 1096. Og når krigen kjem, vil nyhendeinnsлага vera like fulle av dei få drepne amerikanarane som av dei tusenvis av irakiske ofra, på same viset som drepne palestinske born berre får ein liten notis på tekst-tv, medan åtak på nybyggjarar frå okkupasjonsmakta får full dekking på fjernsynet.

Vi ynskjer USA og deira medsamansvorne ein lang og vanskeleg krig. Kan henda verkar det kaldt og kynisk i høve til dei irakiske ofra. Men vi veit at om ikkje tapa og kostnadene for invasionsstyrkane vert store, vil det berre gjenta seg i fleir og fleir land, truleg først dei landa som Bush har plassert i "vondskapens akse". Det har gått for lang tid sidan Vietnam, og USA må minnast på at verda ikkje er berre til for dei. Vanlege folk i dei arabiske landa har forstått det; denne krigen vil dei strida i. Ikkje til forsvar

Illustrasjonar:
Plakatane er henta frå amerikanske nettsider. Dei gjev på overdrive vis uttrykk for kjenslene dei amerikanske styremaktene gjer sitt beste for å innprenta i folket.

for Saddam, ikkje som heilag islamisk krig, men for å unngå kolonisering.

Det krev refleksjon og ein sterk og utvikla rettferdssans for å stå mot. Vår oppgåve er ikkje å kjempa mot Saddam, men mot USAs diktatur og mot det herrefolket vi er i ferd med å verta ein del av. For vi veit.



SAY IT! ONE NATION UNDER GOD!
SAY YOU LOVE JESUS! SAY IT!

A MESSAGE FROM THE MINISTRY OF HOMELAND SECURITY

Muslim Men
American Citizens and Resident Aliens
You are hereby ordered by John Ashcroft to
report to your nearest Police Department
for Mandatory Fingerprinting
(you will provide the ink)
A MESSAGE FROM THE MINISTRY FOR HOMELAND SECURITY

YOU!
Stop
ASKING QUESTIONS!
You're Either With US or You're With The TERRORISTS!
A MESSAGE FROM THE MINISTRY OF HOMELAND SECURITY

★ Bok: Makt over maten

WTO – eit våpen for dei mektige

Berre få dagar etter at det norske folket trassa makta og sa nei til EU 28. november 1994, vedtok Stortinget mot 3 royster (RVs eine og to SV-utbrytarar) å slutta landet til WTO, World Trade Organisation. Gjennom EØS og WTO vert nei et i folket undergrave og tømt for sitt innhald. Kva må gjerast? spurde Lenin, og på same måten bør me skulera oss for handling: WTO tyner grunnlaget for folkeleg oppreist mot kapitalen. Pathesten til amerikanske elitetroppar, Tomahawk-rakettar og Apache-helikopter er WTO, som bryt ned nasjonal sjølvråderett i både i-land og u-land og opnar fri veg for investeringar frå dei transnasjonale selskapene – med stormaktene i ryggen.

Ei bok som kapitalismekritikarar ikkje kan greia seg utan i desse tider, er difor *Makt over maten – hvordan virker WTO?* av bondeaktivisten Helge Christie. Med sine 512 sider gjev boka eit utførleg bilete av Verds handelsorganisasjonen WTO, med hovudsete i Genève, og dessutan brei dekning av motkretene, slik dei har ovra seg frå 1988 til 2001, med høgdepunkt som Seattle, Göteborg og Genova. Lengst baki boka finn me ein studieplan. Dei 677 sluttnotane vitnar om at eit langvarig og trottugt arbeid er lagt ned for å få fram godt underbygd informasjon om ein organisasjon altfor få nordmenn har greie på.

Den 1. januar 1995 vart Generalavtala om toll og handel (GATT) bytt ut med WTO. Denne relativt nye organisasjonen har til mål å auka den den økonomiske veksten gjennom å byggja ned tollsatsar og andre handelshindringar, liberalisera verdshandelen og skapa eit handelssystem ut ifrå prinsipp om ikkje-diskriminering og nasjonal handsaming og bestevilkårshandsaming. Statane skal ikkje lenger kunna favorisera eigne verksemder framom utanlandske – dei sistnemnde skal altså få fritt tilgjenge til dei nasjonale marknadene. Alle medlemsland skal handsamast på same vilkår. I praksis tyder det at WTO, saman med Pengefondet og Verdsbanken tvingar u-land til å gje sterke, internasjonale konsern marknader, fri etableringsrett og ei rad andre føremoner. Christie kallar i boka si WTO "trolig verdens mektigste overnasjonale organisasjon". Miljøvernet med føre var- og ver varsam-prinsipp vert ofra og snudd på hovudet – forbrukarane må sjølv kunna dokumentera risiko med varer dei transnasjonale sender ut på marknaden. Under mottoet "harmonisering" av standardar innskrenkar WTO biologisk og kulturelt mangfald. Dersom einskildland nektar å retta seg etter regelverket WTO påfører dei,



kan dei trugast med straffetoll og bøter. I røynda er det berre USA og EU som toler å halda ein handelskrig gåande over lang tid. Å kalla dette liberalisme er eigenleg anakronistisk. Christie lanserer omgrepet nymerkantilisme, som ei fornying av merkantilismen på 1700-talet då det engelske Austindiakompaniet kontrollerte mykje av verdshandelen – i dag er det amerikanske selskap som Cargill og Bill Gates'

Windows som breier seg. Store vestlege monopol et seg inn overalt, og det er USA og EU som er dei reelle makthavarane, i ledtog med dei transnasjonale selskapene som soknar til kvar av dei. Dei andre 135 medlemslanda i WTO har mått tilpassa seg desse to gigantane. Både i 1992 og 1994 hadde Washington og Brussel eigne tingingsmøte der dei streka opp hovudlinene for WTO, nett som akser Paris-Berlin alltid har hatt møte på førehand og fastlagt politikken i EU.

WTO arbeider for å ta bort handelshindringar, dvs. ofte lover og reglar som er innførde etter press frå massane for å verne arbeidarane, miljøet og folkehelsa, trygga forbrukarane og halda lufta rein og vatnet rent. Me må framover sjå WTO-tilpassinga i samband med EØS og snikinnmeldinga i EU som den norske makteliten held på med. Både Nei til EU-rørla, med Ungdom mot EU og Studentar mot EU, og Attac må setja i gang ein motstøyt og samla folk til protest mot denne folkefiendslege og samfunnsskadelege politikken.

Makt over maten – Hvordan virker WTO?

Forfattar: Helge Christie
Landbruksforlaget 2002
ISBN 82-529-2555-3

Noregs kommunistiske studentforbund

NKS er ein organisasjon som byggjer på marxismen-leninismen-Mao Tse Tungs tenkjing, og som har teke mål av seg til å stri for ein sosialistisk revolusjon med eit klasselaust kommunistisk samfunn som mål.

Medlemsskap i NKS er ope for alle som står den politiske plattforma åt organisasjonen, godtek vedtekten, deltek i arbeidet i ein grunnorganisasjon (der det er mogleg) og svarar kontingent.

- Ja, eg vil ha informasjon om NKS
- Ja, eg vil gå på studiering i marxisme
- Ja, eg vil gå på bøllekurset for studentjenter

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr/stad: _____

Tlf: _____ E-post: _____

Lærestad/fakultet/line: _____

Send slippen til: NKS, Pb 21 Haugerud, 0616 OSLO

